



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/5771 - 14/19081

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
25.09.2014

Oversending dispensasjon til uttale - gbnr 209/20 og 45 Høyland - verkstad- og lagerhall

Søknaden

Søknaden gjeld oppføring av verkstad- og lagerhall for verksemda Vestnorsk Brunnboring AS. Bygningen er på 600 m² og skal oppførast på ferdig planert tomt.

Eigedomen ligg i område som i kommuneplanen er avsett til næringsverksemd. Det er sett plankrav i kommuneplanen punkt 1.1 for etablering av nye tiltak etter § 20-1.

Det er søkt om dispensasjon frå plankravet.

21.10.2013 vart det gjeve dispensasjon med løyve til planering av areal til utandørs lagerområde. Det vart sett følgjande vilkår i løyvet:

- Lagerområdet vert planert med høgde 51,5 moh.
- Minste avstand til nabogrense skal vera 2,0 m.
- Det skal etablerast ein skjerm av vegetasjon mot naboeigedomane gbnr 209/3 og gbnr 209/8.

Det er på dette arealet det no er søkt om oppføring av næringsbygg

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3. Ingen merknader er registrert i saka.

Omsøkte tiltak medfører inga endring av eksisterande situasjon når det gjeld avkjøringa frå Fv 389. Tiltaket ligg også utanfor byggjegrensa langs fylkesvegen som er 15 m, jf kommuneplanen § 1.6.

Saka vert også sendt til BKK NETT AS for uttale i forhold til byggeforbod langs høgspenteleidningar og andre anlegg i transmisjonsnettet.

Kommunen vurderer å godkjenna dispensasjonssøknaden.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

Før kommunen handsamar dispensasjonsøknaden, vert saka sendt til kommunale og regionale plan- og landbruksstyresmakter, til BKK NETT AS og statens vegvesen til uttale. Det vert sett **frist for uttale til 23.10.2014**

Med helsing

Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon - gbnr 209/20 og 45 Høyland
Søknad om løyve til tiltak - gbnr 209/20 og 45 Høyland
Vedlegg D-1, Oversiktsplan eiendom
VS Hølandsvegen 333, 5913 Eikeangervåg, gnrbnr. 209 20 und 45, nyby
Vedlegg E-1, Plan og snitt
Vedlegg E-2, Fasader
Plantegning Høyland
Plassering bygg
Terrengprofil
Oversending av vedtak til klagevurdering - gbnr 20920 og 45 - verkstad- og lagerhall

Kopi til:

Vestnorsk Brunnboring AS	Høylandsvegen 333	5913	EIKANGERVÅG
Prosjekt Planung AS	Kongens gate 31	0153	OSLO

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Statens vegvesen			
BKK Nett AS			